

# Hollandske brev fra Helleland

*Prestefrua Valborg Isaachsen var i Helleland i årene 1897-1905 og sendte «brev» til en av de ledende aviser i Holland, hennes hjemland. Hun skrev hjem om alt hun opplevde av stort og smått, om sorg og glede, om forskjellige mennesker og familier de kom i kontakt med og som ble deres venner. Brevene kom etterhvert ut i bokform – tre bind i flere opplag fra 1902.*

*Brevene er utvalgt og omsatt av Hallvard Berge, Lisleherad og ble utgitt i bokform 1970.*

*Her er tatt med tre fortellinger fra Bjerkreim; prestebesøk i Ørsdalen, på Ognedal og bondelivsbilde fra Bjerkreim.*



*Sokneprest Thorvald Isaachsen med frue, Valborg, f. Dudok van Heel, Holland.*

*Barn: Genna, Valti, Ågot, Dakkie.*

## MED «LILLEGUT» TIL ØRSDALEN

Eit storhende har bore til i prestegjeldet: Me har fått d a m p b å t. På det 20 km. lange Ørsdalsvatnet, der folk i generasjonar har rodd seg fram i små nøtteskal av båtar — ofte med fare for livet — der stimar nå ørsdølene trygt og lettvent mellom dei skyhøge stupbratte fjella.

Det var festdagar i sokna då båten vart transportert frå Eigersund til Odlandsstøet — på eit ovbeist av ei vogn, særskilt bygt til transporten. Transporten var ei bragd som lenge vil spørjast. Vegen frå Eigersund til Ørstdalsvatnet er langt frå eigna for transport av det slaget. Han er smal, svingut, bakkut, og mange stader skakk og laus i grunnen. Her synte «bondevetet» seg på ein framifrå måte. Utan faglært autoritet over seg sette dei i gang, 200 mann, og det gjekk som smurt. Men det gjekk ikkje for seg utan kritiske situasjonar og spanande episodar. Det hende grunnen uforvarande svikta på den eine sida, og vogna med den dyre lasta sto på hall — som tårnet i Pisa. Med hjarta i halsen sto me og såg på den overhangande faren, men med raske råd lukkast det dei kvar gong å berga båten i jamvekt att. Fram kom dei med sin «Lillegut» utan minste mein og uhell, og med jubel gjekk båten frå vogna ut i sitt rette element.

Så kom dagen då prestfolket skulle ha seg sin første tur med «Lillegut» over Ørstdalsvatnet til Ø r s d a l e n — den mest avsidesliggjande grenda i heile prestegjeldet. Båten går tidleg, allerede kl. sju, så me måtte tidleg opp, det er to mil å kjøre frå prestegarden. I femtida var me reide til start. Ennå var det ikkje skikkeleg ljost, nattalvar tokst med dagalvar om overtaket. Men snart loga det opp med mangfarga render i skylaget. Homers «rosefingra Eos» slo si vifte opp på himmelen. Dogg glitra på gras og blom, morgonbris strauk oss om kinn, speglblanke vatn fanga opp landskap og himmelsbragd. Å — «schöne Morgonrøte, nichts kommt deiner Pracht gleich» (Rig-Veda).

Presis kl. sju var me ved Odlandsstøet, og med hjelp av robåt kom me oss ombord i «Lillegut» — brygge har dei ikkje ennå fått seg. Me var i alt 8 passasjerar — 2 sauer medrekna. Kaptein og styrmann på båten er ein og same person — ekte ørstdøl. Maskinisten er faglært — og utanbygdsmann. Folk har store age for fagkunna hans, og undrast følt over koss det går for seg at ein liten maskin kan få slik fart i ein så stor tingest. Det går så vatnet fossar for baugen. Ikkje med hundre mann ved årane kunne ein fått slik fart!

Det vart festtur opp det lange vatnet i den friske morgonlufta. Maskinen dunka og mol og arbeidde trutt som den trugnaste tenar, men grådig var han til å forsyna seg av bjørkeved.

På Vassbø, øvre enden av vatnet, sto ein flokk ørstdøler og tok imot oss. strålende både over besøket og over sin kjære «Lillegut». Det var ikkje ende på lovord over d e n. Me slapp ikkje unna kaffi hos våre vener på Vassbø, og det kom vel med, me hadde endå ein lang tur for oss, me esla oss nemleg heilt til Bjordal, øvste garden

## DAMPBÅTEN «LILLEGUT»



I 1900 vart det kjøpt inn en liten dampbåt som skulle fraktes til Ørsdalsvatnet. Den vart kjøpt i Kristiansand eller Flekkefjord og ført av en øybu og halt i land på Steinbrygga i Egersund i ei renne de brukte ved ising av sild. De lånte ei kjøregreie fra Stavanger og fekk båten oppå. Så drog de han gjennom gatene. På Damsgård gjekk det ene hjulet på den låge tralla over et kummelokk, lokket gjekk sund og hele kjøregreia ramla i hop. Så fekk de tømmermann Vilhelm Feyling til å arbeide ei ny tralle med breie hjul, og ei veke etter var ho ferdig. Og ho helt. De sprettet føre noen hester, men de fekk ikke skikkelig plass og de drog ujamt, så det gjekk ikke. Så

hadde de føre en stor hest hos Vilhelm Gjedrem, han drog godt og mange hjalp til, og da gikk det godt. 60-70 mann fra fajansefabrikken fekk fri en ettermiddag og var med og drog. Første kvelden kom de til Holand og her fekk alle ei halv flaske øl. Men folk vart leie av å slita på båten uten betaling. Men så vart det ropt ut, at alle som kom og drog, skulle få så mye brennevin de klarte å drikke, vert det fortalt. Ja, da fekk båten fart!



«Å hala på dampen og dra!» ropte de, og neste dag drog de båten til Krossmona. Men da kom de oppi mye kratt. Vegen gav etter mange stader og de måtte hogge ned skoglangs vegen. Så kom de til Brynningslandsvatnet, der var vegen så smal og svinget, og så var der en stor stein som stakk nasen ut over vegen. Den slapp de ikke forbi. Men da var det to mann som sprang oppå kjerra og sette ryggen under båten og greidde skuva han litt til sides så mye de strauk forbi. Da de kom til Saglandsbakkane, slapp egersunderne heim att. De fekk da et melkebrød og en halvflaskedram hver, og så vart de skyssed ned til byet att av takksame bjerkreimsbuer. Men somme tykte det var så gildt at de var med en stund til.

«Å hala på dampen og dra!» sang de inn ræget til Odland. Her kjørte de inn i steingjerdet og båten holdt på å holva og det var så vidt at ikke en mann hadde vorte knust mot gjerdet. Og da de rente båten ut på Ørsdalsvatnet, sette de i et skrik, for han sokk så djupt med bauen at de trudde han hadde fare til bunns, men han kom opp att.

Båten var av sammennaglete jernplater og hadde over alt dekke av tre. De sette inn dampmaskin og utrustet den med trerekke slik at de kunne frakte med seg dyr. Båten var godkjent for 50 passasjerer men det var mange ganger den tok med seg mye mer. Fra først av kostet billetten 30-40 øre og for barn 15 øre. Og båten var så smal, at når de satt nede i den lille lugaren framme der benkene gjekk langs etter sidene, så satt de med knea innåt hverandre. Så gjekk «Lillegut» trufast i fast rute i 26 år, da han vart avløst av motorbåten «Ørsdølen».

Kilde: «Gamalt fraa Bjerkreim» samla av Jørgen Skjæveland

*Så lenge det har budd folk i Ørsdalen har de slite på årene langs vatnet i storm og stilla. Men i 1900 vart det annerledes, da fekk de den første motoriserte båten.*



*«Lillegut» ved kai i Ørsdalen med dampen oppe. Foto E. H. Torjusen*

Oppslag:

Rute  
for

DS «Lillegut» paa Ørsdalsvannet i Bjerkreim,  
gjældene fra 1ste April-30te September 1906.

Baaden ligger paa Vasbø og gaae saaledes:  
Fra Vasbø hver Tirsdag, Torsdag og Lørdag kl. 8 Formiddag  
Fra Odland samme Dage kl. 5 Eftermiddag.  
Søndage med Gudstjeneste ved Bjerkreims Kirke:  
Fra Vasbø KL. 9 Form. Fra Odland Kl. 5 Efterm.  
Extrature utføres efter Ordre til Føreren, Adr. Vasbø, eller  
pr. Telefon til Bjerkreim.  
Ret til Slæbning og Venten forbeholdes.

Bestyrelsen

Med «Lillegut» til Ørsdalen forts:

i dalen, og dit var det ein fottur på kring 3 timar. Verst var at me måtte over ei elv ein stad, og der hadde nyleg flaum reist med brua. «Det blir vel ei råd», meinte presten, han hadde høyrte ymt om at det skulle finnast ein løypestreng på staden, med eit slag gondol til overfart. I tillit til lykka, og til «motet som ber mannen over bekken», la me trøstig i veg.

Det viste seg at ørsdølane var sannordige folk, både det med brua og det med løypestrengen var fullt korrekt. Me innskipa oss i gondolen — ein ynkeleg krøterkasse — og over kom me, takk vere prestens perfekte luftskippermanøver.

«Vegen» vidare opp etter dalen vart alt jamt villare og verre. Somme stader hang fjellet ut over hovudet vårt, og vatn sila og fløynde, så ikkje tråden var turr på oss då me kom fram til Bjordal. Men der vart me tekne mot og fagna på aller beste måte.

Det er fleire bruk i Bjordal. Mannen me tok inn hos måtte vera reine storbonden, med stort hus, store stover, rikt utbudde med staselege møblar i norsk stil. Der var peis i stova, og der loga eit friskt bål, som kom vel med etter styrtbadet på vegen. Etter ei stunds kledetørk og forfriskning, var me klar til m ø t e t.

Det var i embets ærend presten hadde tatt turen til Bjordal, må veta. Det budde fleire eldre og kranke menneske her som hadde vondt for å ta den lange turen til kyrkja. I dag var presten komen til dei i staden. Snart var den store stova full av folk, både gamle og unge, krakale krokar, og kvinner med sogbarn på fanget, — ein «kyrkjelyd» av dei sjeldne. Det var salmesong, preike, og altargonge for dei som ynskte det. Eit bord med duk og brennande lys gjorde tenest som altar. Staup og vin og brød hadde presten med. Det vart helg og høgtid som i nokon dóm.

På returen frå Bjordal kom me ut for det fælaste bøyevér. Og me som ikkje eingong hadde tenkt på regntøy då me tok ut om morgonen, og venta oss bare godvéret! Dyngvåte kom me tilbake til Vassbø. Men gjestmilda var ikkje mindre der nå enn på oppturen. Me fekk hjelp til både kledeskift og kledetørk, og ikkje minst smaka det med noko varmt i livet. Etter litt kvile og kveik hadde presten endå ein av sine embetshandlingar å forretta. Ørsdølene har sin eigen gravplass, «kyrkjegard», endå dei inga kyrkje har. Det kjem av den lange vegen dei har til soknekyrkja med den usikre ferdsla på vatnet, især før dei fekk sin «Lillegut». Sidan presten sist var i Ørsdalen var det kome 13 nye graver på kyrkjegarden, og dei skulle få si vigslen nå. Mykje folk var samla på kyrkjegarden, slektningar til dei 13. Ved ei lita barnegrav stod ei ung kona, tydeleg tyngd av sorg. Eg gjekk bort til henne, og fekk veta at under den vesle tuva låg einaste barnet hennar, nyleg tatt ifrå

henne. Kor tek eit menneske hjelp og trøst frå i slike tilhøve? .... Ho var utrøsteleg, stod bare og jamra: «Barnet mitt, å barne mitt, kvifor mått eg ikkje få ha deg!»

Presten skjøna tilstanden, og sa med myndigt mæle: «La dei små borna koma til meg, hindra dei ikkje, Gudsriket høyrer slike til». Med eitt lysna den unge kona opp, tankane hennar tok tydelegvis ei anna lei: ho kom i hug barnet, og gløymde si eiga sorg. Fred og forsoning fylte det forpinte hjarta.

Og så var ærendet i Ørdsdalen fråseggjort for denne gongen, og me kunne bu oss på heimferda. Snart var det avgangstid for «Lillegut». Men då me kom ned til støet, var ingen «Lillegut» å sjå. Nå skulle han ha vore her for ei god tid sidan. Kva var tids? Kva hadde hendt? «Lillegut», dalens stolthet, ikkje i rute? .... Ingen skjøna noko, ingen visste noko, gå på vatnet kunne me ikkje. Vel, me fekk venta, anna råd fans ikkje, venta og sjå. Og me venta og venta, til dess alle voner var ute. Den som då visste råd, var verten vår: «Ta det med ro. bli her til i morgon, de har hatt ein travel dag!» Og me hadde ikkje anna å gjera enn å ta imot det gode tilbodet med takk. Med takksemd for ein innhaldsrik dag — men og med ei viss spaning for kva morgondagen ville bringa — gjekk me til kvile om kvelden.

Morgondagen møtte oss med klår himmel og sol. Vår første handling var ein grundig tvått i friskt strøymande bekkjevatn, eit så fjellfriskt laug som me aldri hadde hatt maken til før. Og best me står der og nyt den friske morgonen, med dogg-glans og fuglekvitter. stig det ei dampspøyle til vérs nede ved støet, og eit langt ul fyller dalen — der låg jamenn «Lillegut», klar til avgang, det var det han ville ha sagt oss. Snart var me ombord, og der fekk me forklaring på mysteriet frå kvelden før: «Lillegut» hadde slått seg vrang, hadde nekta plent å lystra maskinisten. Halve natta hadde denne streva med han. lirka og dirka og dulta med han, og seint om sider hadde han fått han i godlag att. «Lillegut» hadde blitt snillegut igjen, og nå dampa han ut vatnet med oss som han vøre «vingehesten» sjølv. — Klokka seks om kvelden var me atter i vår kjære prestegard i Helleland. Og: Snipp-snapp-snute! eventyret var ute!

(Siste setning har ei snurrig form på hollandsk: «Nu is't verhaaltje uit, de koetjes liepen de poort uit». — Ordrett: Forteljinga er ute, kyrne løyp gjennom leet. — Merknad av omsetjaren.)

## MED PRESTEN TIL OGNEDAL

I går skulle presten ha sitt siste møte med konfirmantane i annekset, Bjerkreim, før sjølve konfirmasjonen.

Då me kom dit, låg det brev til presten. Det var frå vår gode venn, Peder Ognedal, som spurte om det kunne passa for presten å ta ein tur til deira krins etter møtet med konfirmantane, det var så lenge sidan dei hadde hatt besøk av presten på deira kantar av sokna, og han hadde vore så fri å lysa til møte til klokka fire i skulehuset.

Ognedal ligg øvst i ein liten dal som skjer seg ned mot grannesokna Ogna. Det tek kring halvannen time med hest dit. Vel ferdige med konfirmantane sette me oss i karjolen, og i veg bar det til Ognedal.

Vegen er flat til å byrja med, men snart ber det opp etter bratte lier og berg. Det går sving i sving og slyng i slyng, høgare og høgare opp. Det tok oss rundt timen å nå til topps.

Me har alltid nista med oss på turane til annekset, me veit aldri kva som kan inntreffa av uventa ærend. Høy har me og med til hesten. Nå kom dei vel med begge delene. Det er så greit med dei norske vegane at det er etla til drikkeplassar for hestane. Ei tønne eller ein uthola stein i vegkanten, og så eit slok eller eit røyr som leider vatn frå ei kjelde eller ein bekk til vasskjeret. Med måtelege mellomrom er det stelt til slike vasstelle. Og det er reint rart å leggja merke til kor vel hestane veit om drikkeplassane og sakkar i tråvet for å sløkkja tørsten sin.

Midt opp i hellinga kom me til slikt eit riktig lagleg drikkestelle. Der fekk Frey ei velfortjent kvild — med vatn og høy å godgjera seg på, og me naut «siestaen» med nista vår og med eit fantastisk utsyn mot gulnande skoglier og blånande berg i bakgrunnen. For ein fryd for auga! Til høgre me kom, til meir vida synet seg ut, fjell bak fjell dukka fram, blåne bak blåne. Og under oss vegen skimtande fram, siksak ned etter lia.

Me hadde aldri fare denne vegen før og undrast mangein gong om me ikkje snart var på toppen. Neste sving — neste kam — så måtte me vel vera der? Men nei, alltid nye svingar og nye ryggar å kliva. Endeleg retta vegen seg ut, rak og flat, me hadde nådd



høgdepunktet. Her kunne me kjøra «ventre a terre» (i trav) og Frey lika seg, han naut den friske fjellufta tilliks med oss. Stykkevis vart vegen borte — mellom tett strittande einerkjerr. Angen av einer er noko av den finaste ange som finst, minner om sitron og verbena. Me saug den i oss i djupe drag og kjende eit velvære som det knapt finst ord for. Men det som aller mest «hugtok» var utsynet. Dei veldige vidder, ein fjellheim som byggjer seg opp «slott over slott», og mot vest havet i majestetisk runding! Dertil all haustens herlege fargeprakt, intensivert av fullt solskin. Jau så sant, her var «godt å vera», her kunne ein ha hug å drygja, dvela, drøyma seg vekk. — Men klokka gjekk, og på Ognedal venta dei presten! Frey fekk seg ein svepesnert, og så vara det ikkje lenge før vegen byrja bera nedad bakke. Snart opna Ognadalføret seg framfor oss. Øvst i dalføret ligg garden Ognedal, eslingsstaden vår. Lunt breier han seg ut i dalbotnen, velvard av skjermende lier og kollete knausar. Kor flinke dei gamle var til å velja seg bustader!

Første huset me kom til var Peders. Først han gådde oss kom han i fullt føre ut frå låven, med dumba i hår og skjegg: dei heldt på å treskja korn. «Presten er komen, presten er komen, slutt med treskinga for i dag!» song han ut til folket sitt . . . . . Slik ropar den som er herre i eige hus, tenkte eg med meg. Fri er den norske bonden, frirådig, står ingen til svars med arbeidstida si.

Mens Peder og folket hans var inne og fjelga og stelte seg, slo me oss ned ute på bakken. Her var godt å kvila, og her var nok å «glåma» på: Fjellformasjonar, haustleter i alle nyansar, og himmel og hav i alle avbrigde av blått. At ein fjellgard kunne vera så forlokkande fin!

Men der stod alt Peder ved sida vår. «Kva tykkjer så presten og prestefrua om heimstaden vår? Heimstad for fredlyste og forviste?» spøkte han. I meir alvorleg tonelag la han til: «Det er så rart med oss som har vakse opp på ein slik stad, me trivst, og kunne visst aldri trivast andre stader.» Me forstod inderleg vel at Peder treivst her. Kven måtte ikkje trivast på ein slik stad? Eit liv så nær naturen, i pakt med naturen, i samsvar med naturens lover, var ikkje det just idealet av menneskeliv? Var ikkje det eit liv i samsvar med Skaparens opphavlege meining, tru? . . . .

Der kom kona i huset, fjelga til fest, og bad oss inn til bords. Matlause var dei ikkje i Ognedal, meinte ho, og prestfolket kunne vel trenga litt i livet etter den lange turen? . . . . Ho såg yngre ut enn mannen sin, frisk og raudleitt i hamleten og ferm i faktene, riktig ei staskone. Peder merka vår beundring og sa med byrgskap: «Ja, hadde eg ikkje hatt henne med sida hadde det nok ikkje blitt fullt så triveleg i Ognedal.»

I stova hadde ho gjort i stand det lekraste bord med mange rettar, og det kan vel henda at det smaka!

Etter maten vart det tid til litt prat, før møtet skulle ta til. Den sveiv inn på boarkrigen, som alle er opptekne av. Peder hadde fått seg eit stort kart over Afrika, og nå måtte me visa han kor kampane gjekk for seg. Då kunne Peder fortelja oss at ein av grannane hans hadde ein son som hadde teke del i krigen mot engelskmenne, og var vorten tatt til fange i Transvaal. Nå sat han i fangeleir på Ceylon og hadde det visst alt anna enn godt. Han hadde fått lurt heim eit brev og bede om dei ville senda han noko tørrfisk. Ein sekk tørrfisk var alt på veg til Ceylon. . . . Kor underleg — ein krig i Sør-Afrika med dønningar heilt opp i avstengde Ognedal!

Så var tida inne til å dra til møtehuset. Lite og lunt låg det, halvgøymt i bjørkeskogen. Her måtte det vera herleg om våren å gå på skule. Dei turvte bare opna glasa, og finke og trost ville fylla stova med song. Og borna kunne svara med: «Lær av skovens fugl at sjunge! Alt det lette, alt det tunge, syng det ud med freidig mod!»

Stova var fylt til siste plass, både gamle og unge hadde møtt. Læraren helsa oss med song av skuleborna sine. Og aldri kan eg minnst at song og natur har smelta så heilt i saman: «Deilig er jorden, prektig er Guds himmel . . .» Det eine illustrerte det andre. Alt greip, gjekk til hjarta. Det same gjorde prestens tale. Han kunne jo bare peika ut gjennom glaset, så hadde han tekst. Og just som møtet var slutt, var sola nådd havbrynet. Då var det skulebornas tur til å fullenda harmonien — med Ågots vidunderlege fjell-song: «Sole går bak åse ned . . . . . Her på fjell har sole drygd med å gå tå garde . . . . .» Slik kunne eit møte i eit lite landsens skulehus bli til ei ugløymeleg stund.

Då me kom ut, låg endå ein bleik kveldsrode over Augnenipen, høgste toppen på desse kantar. Peder kunne fortelja at fjellet var sjømerke, orienteringspunkt for folk på sjøen, — derav namnet Augne-nipen. Kven veit? Meir tvilsamt torde det vera med ein annan teori: Ognedal skulle ha namnet sitt etter fjellet. Kan augn bli til ogn? Derom får mållærde stridast.

Så var tida komen til avskil. Det skumra alt. Godt at me hadde lykter, karbidlykter, nyleg heimførde frå Holland. Med ei av dei på kvar side av karjolen var det ingen vande å finna vegen.

Og sidan gjekk det som det står i eit vers av diktaren Ivar Aasen: «På heimvegen gjekk det då heller radt, og milene vart ikkje lange.»

## BONDELIVSBILDE FRA BJERKREIM

Nær Bjerkreimskyrkja bur dei, og husa deira ligg midt ute på jordene mellom frodige engjer og åkrar.

H a n, Nikolai, er ein mann på femti, — breibygda og kraftig, alltid i blå boi-skjorte og med sydvest på hovudet — i regn som solskin.

H o, Theodora, mjå, munter, med blå sokkar og kulørt plagg på hovudet — spõtande, pratande, gestikulerande — alt på ein gong.

Dei har åtte kjekke barn. Fire har brune augo, store, openhjartige — etter faren, og fire har blå — etter mora, spellevande og gløgge.

Nikolai er ein mann med v e k t i bygda. Ikkje bare har han ein av dei beste gardane i Bjerkreim, men dertil har han noko så sjeldent på desse kantar som f u r u s k o g. Så er han skyss-skaffar med mange hestar, og attpå alt: kyrkjeverje.

Hjå Nikolai og Theodora tek me alltid inn når me er i annekset. Dei tek alltid hjarteleg imot sine gjester og steller for dei det beste dei kan — utan skil. Nikolai har godt om stallrom, og det kjem vel med om vinteren, så øykjene slepp å stå ute i kulden mens folk er i kyrkja.

Inne i huset er Theodora travelt opptatt med kaffikjelen, som aldri må tryta. Til fleire folk, til gildare er det, tykkjer Theodora, då først er ho i sitt rette lag. Er det dei kalde dagane, står Nikolai helst ved omnen med pipa si, i livleg «radl» med ein flokk karar ikring seg. (Om sommaren finn me han helst ute på ein steinbenk i solveggen). Men sommar som vinter er huset hans Nikolai den aller beste formidlingssentral for alle slag av bygdanytt!

Nikolai har eit særeige rom i huset sitt, «prestakammerset», der sokneborn kan få tala med presten sin i einrom — føre eller etter messa.

I dette kammeret har Nikolai sine staselegste møblar. Og der er omn, der Theodora kan nøra opp med den feite furuveden sin. Kor har det ikkje smaka mangein gong å ty inn der i varmen, stivfrosne som me kunne vera etter den lange kjøreturen frå Helleland!

Og aldri slår det feil at Theodora er klar med ein varmande kaffikopp og med sine gode heimebaka kaker!

\*

Nikolai og eg er fine bussar. Og etter at han har fått vita at eg interesserer meg for gardsdrift har eg stige storoms i vyrdnad hos han. Ja, han går så vidt i sin ros at han seier om meg at eg «snakkar akkurat som eit anna bondemenneske». Stundom spør han meg ut om kyrne og hestane hans, kva eg meiner om dei. Og då eg eingong sa mi meining om ein hest, og traff spikeren på hovudet, slo han seg på kneet og sa til kona si: «Ho er jamenn ikkje for katten, den prestefrua!» Sidan den gong reknar han meg nesten som sin likemann. Men folk som ikkje forstår seg på hestar, står ikkje høgt i Nikolais omdøme.

Eingong klaga eg meg for Nikolai over ein hest me hadde som var litevetta skvetten av seg. Då svara han omlag så: «Ver bare glade for den hesten de har, det er ein god hest, ens ikkje småtteri! De kan gjerne reisa verda rundt utan å finna ein hest som er heilt opp lytefri». Likevel forsømte han sjelden å formana oss når me skulle på heimturen: «Haldt braffo fast i taumane, ho er nok ikkje heilt å lita på!»

\*

Nikolai har sine eigne meiningar om spørsmål som er oppe i tida, t. d. om «kvinnasaka». «Veit prestefrua kva eg meiner om den saka?» spør han. «Ein må ikkj krenkja naturens orden! — Theodora må vera Theodora, og eg må vera eg. Vil den eine vera den andre, då går det gale.» «Godt og vel», svarar eg, «men kven er det av dykk to som fører regimet her i huset, du eller Theodora?» Han ser alvorleg på meg: «Mannen må alltid vera hovudet!» — Eg vågar meg vidare — halvt i spøk: «Naturlegvis er du kapteinen, men kven er styrmannen?» . . . . . Då klappar han meg på skuldra og seier endå alvorlegare: «Spøk ikkje med alvorleg ting! . . . . Naturlegvis forstår eg at du og presten har det harmonisk og godt saman, men slik er det ikkje alle stader. Og når det gjeld tilhøva her i huset — han ser skalkaktig på kona si — så ville det nok ikkje gått med ei slik maktfordeling som hos dykk!» . . . . Og med mynde og overtyding legg han til: «Ei kona har sine rettar, som ingen skal nekta henne. Men så snart ho kjem og gjer krav på dei, har ho mist dei! — Ei kona som er ei retteleg kona, krev ikkje, pukkar ikkje på sin rett, — ho gir! Og just ved det hevdar ho sine rettar, alle bøyer seg for henne!»

«Bravo!» ropar presten, som har site og høyrte på. «Aldri har eg høyrte sannare ord om den sak. Me sender Nikolai som utsending til kvinnekongressar. Der måtte slik tale gi noko å tenkja på.»

Og han legg til for eiga rekning: «Det beste ville vera om kvinnene fekk betre opplæring så dei betre kunne fylla sin plass i huset og bli gode husmødre. Dermed ville også alle rettkomne kvinnekrav lettare bli løyst.»

\*

Mens Nikolai tar seg ein middagsblund på låven i det nye høyet, har Theodora og eg slått oss ned ved vindauga. Der er fullt av blømande geranier. Utanfor glaset held borna til. Eldste dottera sit med ei bok på fanget. Eit par av dei yngste sit på trappa og gnaskar og ét på eitkvart.

Kyrkjefolk flest er for lengst heimattvende, kvar i sine karjolar, bare ein og annan flokken med ungdomar dreg seg etter vegen, eller står i grupper og drøser om eit eller anna. Ungdom likar å vera i lag, og det er ikkje så ofte høve byd seg. Det vakre været lokkar nok også til litt lenger samvær. Det skulle ikkje undra om dei pønskar på litt dansemoro på ettermiddagen? . . . . Og så sanneleg lyder det ikkje trekkspellåt! . . . . Då kan ikkje Martin, eldste sonen i huset, halda seg lenger, han reiser seg og vil ut.

«Kor eslar du deg av?» spør mora med streng mine. «Bli inne! Du veit eg likar ikkje at du går på dans.»

Men Martin har nok ikkje tenkt å gi seg denne gongen. «Du skulle høyrte kva presten sa om dans i kyrkja i dag, mor,» seier han. «Han sa at dans var like uskyldig som leik og sport, sa han. Det var menneska som gjorde dansen syndig med den måten dei dansa på, sa han.»

«Ja så, sa han verkeleg det?» sa mora. Og etter å ha tenkt seg om ei stund la ho til: «Ja ja, ungen min, gå då! Men gløym ikkje det andre som presten også sa i preika si!»

Presten hadde sete og høyrte på. Nå blanda han seg i røda: «Eg meiner det er galt at foreldra overlet dei unge til seg sjølve med slikt som dans. Kvifor let de ikkje dei unge få lov til å dansa under sine samvær — under oppsyn? Her har de dette fine tunet rett utfor vindaugo, den finaste leikarvoll nokon kan ynskja seg, — kvifor let de ikkje dei unge få ta seg ein dans der, med dykkar samtykke og dykkar tilsyn? . . . . Nå lurar dei seg til dans der ingen ser, og så blir dei gåande med vondt samvet. Slikt er ikkje rett mot dei unge. Ungdom og leik høyrer ihop. Lat dei unge få dansa, men lat det skje åpent og under fars og mors augo.»

Akk — dessverre — slik tale samstavar ikkje med den gjengse dom om dans i soknene våre! Men — «tidene skifter, og me med dei», — eingong vil nok folk her og koma til å døma annleis om dansen;

Då me ut på ettermiddagen returnerte i vår karjol til Helleland,

kom me uforvarande over ein flokk ungdomar som hadde funne seg ei slette å dansa på. Me stansa hesten og hadde lyst til å sjå på leiken. Då stakk dei unge forskremte kvar til sin kant — som om dei hadde begått ei grov synd. Slikt er i sanning sørgeleg!

Me kjørte vidare i den fagre søndagsettermiddagen. All naturen liksom levde og leika seg: fugl og fivreld, voggande strå i vinden, glitrande lauv i lundar og lier, solgeisledans på finkrusa vassflate. Då kom Ruskins lettføtte vers for meg:

Where are the pipers,  
and the dancing feet  
upon the meadows fair? ....  
Dance if you will,  
all the night long,  
as the slow stars dance!

Aaland Gård, april 2017  
Paul Tengesdal